



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/467 - 14/7330

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
27.03.2014

Melding om vedtak/Oversending av vedtak til klagevurdering- gbnr 212/56 Eikanger øvre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel samt dispensasjon for oppføring av eit tilbygg til eksisterande fritidsbustad over byggegrensa mot sjø. Tiltakshavar ynskjer å bruksendre av eksisterande hytte til bustadføremål. Den eldre hytta skal saman med det nye tilbygget utgjere ei ny bustadeining.

Søkjjar meiner at det omsøkte tilbyggets plassering ikkje er i konflikt med strandsona. Det vises blant anna til at tomtens vestlege side mot vågen er bratt hellande og har soleis redusert tilgjenge. Vidare at dersom fritidsbustaden skulle rivast og det vart bygd eit nybygg på ein etasje og loft som omliggande bygg, vil mange miste utsikt. Søkjjar meiner også at kravet om plan er eit «uforholdsmessig tiltak».

Dispensasjonssøknaden er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje registrert merknader i saka.

Plangrunnlag:

Eigedommen er uregulert. I kommuneplanens arealdel ligg eigedommen i bustadområde. Søknaden gjeld dispensasjon frå byggegrensa mot sjø og frå plankravet § 1.1 i kommuneplanens arealdel.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet den 05.03.2014, der følgjande vedtak vart fatta:

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:

Plan og miljø innvilgar dispensasjon etter Pbl. § 19-2 frå byggegrensa mot sjø og plankrav i kommuneplan for bruksendring av eksisterande fritidsbustad og oppføring av eit tilbygg over byggegrensa mot sjø.

Grunngjeving:

-Det er bratt terreng ned mot sjø. Det er i nærleiken av større industrikai og er difor ikkje andvendeleg til



friluftaktivitet. Strandsona er difor å ansjå som ikkje funksjonell. Tiltaket vil ikkje forverra tilgang til strandsona for ålmenta.

-Bygget ligg som siste hus i eit einebustad område. Bygget ligg mellom to ekisterande bustadshus.

Bustadhus er der allerede og vil difor ikkje gje ytterligare forringelser i området.

PMU kjem difor til at samla sett er fordelane ved å gje dispensasjon vesentleg større enn ulempene.

Vidare saksgang:

Sjølve byggesaka vert handsama når klagefristen er ute, dersom vedtaket ikkje vert påklaga.

Klagerett:

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

_Sçknad om tillatelse til tiltak
Q-01 Redegjçrelse Rçrlegger
A-01 Tiltakets ytre rammer
B-01_Gnr 212 Bnr 56 Ýyna 17_Sçknad om dispensasjon
C-01 Opplysninger gitt i nabovarsel
C-02 Naboliste_kvittering
C-03 Vedlegg nabovarsel
D-01 Situasjonsplan
E-01 Plan 1 etg
E-02 Snitt

Vedlegg:

E-03 fasade Nord og Vest

E-04 Fasade Sør og Vest

E-05 Eksteriør_

E-06 Fotomontasje fra vei_

E-07 Interiør

E-08 Inspirasjon_

E-09 Utsiktsdiagram fra naboer_

E-10 Bilder eksisterende hytte_

E-11 Tegninger eksisterende hytte

F-01_Gnr 212 Bnr 56 Øyna 17_Redegjørelse rammesøknad_apr2013

F-02 Kommuneplan

Søknad om dispensasjon fra plankrav og dispensasjon fra byggegrense mot sjø for bruksendring av fritidsbustad og oppføring av større tilbygg - gbnr 212/56 Eikanger Øvre

Kopi til:

Bjørn Nøstdal Jespersen

Øyna 17

5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
En til En Arkitekter

Postboks 7310 5020
Postboks 7900 5020
Øvre 5018
Korskirkesmug 2B

BERGEN
BERGEN
BERGEN